

Detaljregulering for tilkomst og parkering ved Båsnes, Arriva Shipping - Ølensvåg, gnr. 311 bnr. 1, 2, 8, 11

Reguleringsføresegner

PlanID 1160202401

1. Føremålet med planen

Føremålet med planforslaget er å legge til rette for bedre tilkomst og parkering ved Arriva Shipping.

2. Fellesføresegner for heile planområdet

2.1 Tekniske anlegg

Tekniske fellesanlegg som nettstasjonar (små trafoar/kabelskap), kablar og leidningar osv. er tillate oppført innanfor alle føremål. Anlegga må plasserast og utformast slik at dei praktisk og estetisk er til minst mogleg sjenanse, og dei må ikkje komme i konflikt med avsett vegareal eller vere til hinder for frisikt. Plassering og utforming av slike anlegg skal visast i søknad om tiltak. Etter etablering av anlegga skal områda settast i stand og planerast slik at stadeigen vegetasjon kan reetablerast.

Ved framføring av VA-anlegg, tele- og elektriske kablar innanfor planområde, skal desse så langt råd er leggst i jordkabel.

2.2 Kulturminne

Dersom det blir gjort funn av automatisk freda gjenstandar eller konstruksjonar under arbeid med tiltak i planområdet, må arbeidet straks stansast og kulturminnestyresmakt varslast for nærare gransking, jf. Kulturminnelova §8, 2. ledd.

2.3 Flytting av matjord

Matjord skal takast vare på og nyttast på aktuelle areal innanfor planområdet eller til forbetring av nærliggjande jordbruksareal. Ved flytting av massar skal det tas nødvendige omsyn for å hindre spreiding av framande artar og/eller plantesmitte som kan gjere skade.

2.4 Byggegrense mot sjø

Byggegrense mot sjø ligg i planavgrensinga mot sjø.

3. Føresegner for arealføremål

3.1 Bygningar og anlegg (§ 12-5 nr. 1)

3.1.1 Næringsbygningar, NÆ

Arealet er regulert til næringsbygningar. Arealet kan planerast og nyttast til næringsbygningar og utelager. Fjellskjering kan ligge innanfor området. Maksimal utnyttingsgrad er 60 % BYA og maksimal gesims- og mønehøgde er høvesvis 7,5 og 10,0 meter.

3.1.2 Energianlegg, EA

Området er regulert til energianlegg. Det kan først opp trafo innanfor området.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

3.2.1 Veg (felt f_V1 – f_V3)

a) Innanfor føremåla f_V1 og f_V2 skal det etablerast veg i samsvar med plankartet. Felt f_V3 er regulert til manøvrering- og snuareal i enden av f_V1. Tilkomst til landbruksarealet på gnr. 311 bnr. 2 skal oppretthaldast.

b) Vegane er felles for eigedommane med gnr. 311 bnr. 1, 2, 8 og 11.

c) Dokumentasjonskrav (§ 12-7 nr. 12) – Teknisk plan

Det skal utarbeidast teknisk plan for utforming av ny avkøyrsløse frå fylkesvegen i samsvar med handbok N100 og R700.

3.2.2 Annan veggrunn – tekniske anlegg (felt AVT)

Innanfor felte AVT skal det først opp støttemur og rekkverk.

3.2.3 Annan veggrunn – grøntstruktur (AVG)

Områda er regulert til sideareal langs veg, og kan omfatte areal til grøft, snøopplag, skjerings- og fyllingsutslag. Det kan etablerast vegetasjon innanfor areala, som ikkje er til hinder for fri sikt.

3.2.4 Parkering (P)

Felt P er privat parkeringsplass for verksemda innanfor gnr. 311 bnr. 11.

3.3 Landbruks-, natur- og friluftsføremål (§ 12-5 nr.5)

3.3.1 Landbruksføremål (felt L1 og L2)

Områda skal nyttast til landbruksføremål. Berre tiltak som er naudsynte for landbruk og gardstilknytte næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag er i tråd med føremålet. Det kan ikkje først opp eller delast frå til bustad-, fritids- eller næringsbygg som ikkje er del av stadbunden næring.

4. Føresegner til omsynssoner (§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Frisikt, H140

I regulert frisiktzone i vegkryss skal det vere fri sikt ned til 0,5 m over plan for tilstøytane vegar. Enkelttre, stolpar, skilt og liknande kan stå i sona.

4.2 Høgspenningsanlegg (inkl. høgspenkablar), H370

Innanfor feltet er eksisterande høgspenningsanlegg.

5. Føresegner til føresegnssområde (§ 12-7)

5.1 Føresegnssområde – Mellombels bygge- og anleggsområde,

Område kan nyttast til mellombels bygge- og anleggsområde ved bygging av veg f_V1. Føresegnssområdet blir oppheva når anleggsperioden er avslutta. Arealet som er nytta, skal tilbakeførst til jordbruk, seinast 1 år etter at anlegget står ferdig.

6. Rekkjefølgjeføresegner

6.1 Før byggeløyve

Teknisk plan for ny avkøyrslø frå fylkesveg skal vere godkjent og gjennomføringsavtale skal vere inngått med vegmynde før byggeløyve for avkøyrslø.

6.2 Før ferdigattest

Mellombels bygge- og anleggsområde skal vere tilbakeført til jordbruk før det kan gjevast ferdigattest.

Revisjonsdato konsulent: 19.08.2024

Vindafjord kommune 21.08.2024